

Ein uholdbar situasjon rundt lettlest

Tilgangen er svak på lettleste bøker på norsk for utlendingar med gode leseferdigheiter. Vi snakkar her om fagfolk frå utlandet, der både arbeidsgjevar og arbeidstakar vil at språkkompetansen kjem på plass så snart som mulig. Her treng Noreg statlege tilskot på linje med dei svenske.

Tekst: David Beadle, styremedlem i NBFs Spesialgruppe for flerkulturelle bibliotektenester.


”Om du ikkje når førellesningane, set deg ned og les, då kjem språket.” Dette sanne rådet er aktuelt for denne brukargruppa, til forskjell frå mange andre med behov for lettleste bøker. Rådet kjem frå ein professor i fransk med mange skjønnlitterære bøker på hyllene våre, men mellom hyllene er dette vanskeleg å formidle vidare i mangel på aktuelle ressursar.

Dekker ikkje behovet

Det er i første rekke Leser Søker Bok som har gode råd om lettleste tekster, men dei 15 årlege utgivingane skal dekkje mange behov. Resultatet blir eit utval som er for lite i forhold til ei gruppe som er van med intellektuelt og informativt stoff.

Leser Søker Bok er ein smart idé med ei verdefull nettside. LSB er ein allianse av krefter som skaper tekster primært til vaksne som slit med å få med seg innhaldet i bøker, samt til institusjonar og omsorgspersonar som kan hjelpe dei. Sjølv om LSB også formidlar ein del 'vanlege' bøker og har forslag til dei som er nye i Noreg, opplever vi at bokvane utlendingar på jakt etter lettlest norsk trur desse er meint for andre målgrupper. Dei er også vane med omslagsdesign på linje med bestseljarane våre. Nokre siktar seg inn på barneavdelinga i staden, andre blir lesarar utan bok.

Nokre få bøker av Henning Mankell er omarbeidde til lett svensk, og nokre av desse er omsette til norsk. Jo Nesbø blir ikkje omarbeidd. Omskriving frå original til enkel tekst er krevjande. Men LSB er heller ikkje innstilt på omarbeiding av dei mest kjende norske forfattarane, slik ein gjer i Sverige. I mellomtida ser det ut til at omsetjingar av allereie forenkla utgåver av f.eks. Jules Verne og Jane Austen er også uprøvd her i landet. Det kunne vere inkluderande for lesesvake å ha eit forhold til bøker 'alle' har lese i originalutgåve. Det er også denne type bok som kan vere aktuell for denne brukargruppa.



Norske Lettlest forlag har omsett og gjeve ut nokre få populære titlar som først er omarbeidde til lett svensk, som denne av Henning Mankell.

Forlaget må ta all risiko sjølv

Det er naturleg å sjå nærmare på Lettlest Forlag i denne samanhengen. Lettlest Forlag gjev ut 'LL'-bøker for vaksne og ungdom som er lettare å lese og mestre for alle. Det ligg i namnet at her er staden å vende seg til for lettleste tekster. Namnet innbyr også til samanlikning med LL-förlaget i Stockholm. Men samanlikning bedreg, for mens LL-förlaget i 2010 har eit budsjett frå staten på 7.2 mill. svenske kroner for å gje ut bøker aleine, må eigaren av Lettlest Forlag i Skien ta alle økonomiske risikoar, med banksikkerheit i eigen bustad!

LL-förlaget, som gjev ut bortimot 30 bøker årleg, er ein del av Centrum för Lätläst. Dette kan gjerne samanliknast med Leser Søker Bok. Centrum för Lätläst arbeider på oppdrag frå den svenske regjeringa og Riksdagen. Norske LSB på si side får 5,5 kulturmillionar i statsstøtte i 2011 bl.a. til samarbeidet med norske forlag, for det er ikkje LSB som gjev ut bøkene. Dette gjer dei samarbeidande forlaga, og Lettlest Forlag er eit av desse. Når dette forlaget har fått støtte frå LSB til en tittel, har det vanlegvis vore i storleik langt under månadslønna til ein bibliotekar. Lettlest Forlag har også blitt innkjøpt på linje med andre forlag av forskjellige ordningar. Utover dette må Lettlest Forlag klare seg økonomisk i ein ytst marginal marknad, der det aldri er ein tittel som sel så godt at han er med å subsidiere andre, slik andre forlag LSB støtter kan forvente.

ste bøker på norsk

Ulike vilkår

Dette forklarer kvifor LL-förlaget i Sverige og Lettlest Forlag i Noreg svarer heilt ulikt på nokre spørsmål vi har stilt. På spørsmålet om muligheita for å omsetje bøker som alt er tilrettelagde i utlandet, samt kjøp av den tiltalande omslagsdesignen som er brukt, får vi svar som gjenspeiler dei ulike økonomiske vilkåra i forlaga. LL-förlaget ser inga hindring, og ville vurdere dette om det kjenst som ein god originalidé og er allment tilgjengeleg, eller lett å tilpasse svenske forhold.

Lettlest forlag derimot ser ikkje muligheita til slike prosjekt under dagens forhold. Forlaget nemner utgivingane sine av Henning Mankell i forenkla utgåve, som også er titlar vi har hatt god respons på frå utanlandske studentar av norsk. Bøkene finst hos LL-förlaget for SEK 85, og hos Lettlest Forlag for NOK 189, ein forskjell som storleiken på marknaden aleine ikkje forklarar. Lettlest Forlag ser på denne typen utgiving som uaktuelt å gjenta, med mindre det kan finansierast i betydeleg grad.

En stor brukargruppe

Brukargruppa godt kvalifisert utanlandsk arbeidskraft er f.eks. sterkt representert i ei industriklynge på Nordvestlandet, som omtalast som Europas maritime spydspiss. Firma som rekrutter dei, gjer det bra. Det er sterkt beklageleg at denne arbeidskrafta skal vere med og skape store verdier, samtidig som eit tappert firma med udelt fokus på den type bok dei etterspør kvir seg av frykt for tapsprosjekt og mangelen på kontinuiteten i drifta som ei tilskotsordning kunne gje. Andre som ville hatt nytte av dette er for eksempel utanlandske fagfolk innan helse- og omsorgsfaga.

Lettlest forlag blei stifta i 2002, eit år før LSB begynte. Forlaget har med andre ord opparbeidd ein kompetanse på området som mange kan dra nytte av. Dette gjeld ikkje minst offentlege aktørar, som har eit ansvar for generelle samfunnsmandat innan kultur, språk og deltaking. Men forlaget har ikkje økonomi til å utføre innsatsen det ønskjer. Ei fast løyving på to millionar årleg frå staten ville gje den nødvendige kontinuiteten til å gje ut åtte-ti nye titlar kvart år. Kanskje ville forlaget også sjå lysare på spørsmålet vårt om å omsetje allereie tilrettelagt litteratur med forfattarnamn fleirtalet har fått med seg i oppveksten. Sett at bøkene er solide og vil vare lenge i eit bibliotek, ville ein kunne tilby eit utval gjenkjennelege titlar om få år, til utanlandsk fagpersonell som det offentlege og næringslivet er på jakt etter.

NY KATALOG!



**MED MANGE
SPENNENDE
NYHETER
TIL DITT
BIBLIOTEK**

Bestill ditt eksemplar på
www.bseurobib.no



BS Eurobib

WWW.BSEUROBIB.NO

E eller P? Om bøker, utlån og digitale skyer

Bjørn Ingvaldsen, redaktør Norske barne- og ungdomsbokforfattere

